



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Postboks 2520
6404 MOLDE

Dykker ref

Vår ref

Dato

24/1332-4

25. juni 2024

Oppdrag om utgreiing av grensejustering - Stranda og Fjord kommunar - Liabygda

Vi viser til brev frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal 18. mars 2024 med tilråding om å greie ut grensejustering av området Liabygda frå Stranda kommune til Fjord kommune, på bakgrunn av eit initiativ frå innbyggjarar i Liabygda etter inndelingslova § 8. Statsforvaltaren har sendt saka til departementet for avgjerd, jf. inndelingslova § 9 første ledd.

Dei to kommunane saka gjeld, har uttala seg. Fjord kommune ga uttale 8. februar 2024 og stiller seg positiv til ei grensejustering der Liabygda vert ein del av Fjord kommune. Stranda kommune ga uttale 28. februar 2024 og ber departementet avvente vurdering og behandling av grensejustering inntil kommunen har fått gjennomført grundig utgreiing av utvida samarbeid med kommunane Fjord og/eller Sykkylven. Statsforvaltaren tilrår at det vert sett i gang ei grensejustering med bakgrunn i initiativet.

På bakgrunn av innbyggjarinitiativet og statsforvaltaren si tilråding, ber departementet Statsforvaltaren i Møre og Romsdal om å greie ut konsekvensane av ei grensejustering mellom Stranda og Fjord kommunar, for området Liabygda. I oversendinga til departementet skal statsforvaltaren gi ei tilråding.

Departementet ber om at utgreiinga blir sendt til departementet innan **1. mars 2025**.

Om arbeidet med utgreiinga

Utgreiinga skal gi opplysningar om relevante høve som folketal, areal, geografi, kommunikasjon, pendling, utbyggingsmønster og det kommunale tenestilbodet. Det bør fremgå konsekvensar av ei grensejustering for både avgivande og mottakande kommune, herunder konsekvensar for kommuneøkonomien. Utgreiinga bør også sjå på kva som finst av interkommunale samarbeid, og eventuelle pågåande prosessar og konsekvensar knytt til

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kdd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kdd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Kommunalavdelinga

Saksbehandlar
Lise Wilhelmsen
22 24 71 99

dette. Kommunale og andre offentlege etatar skal gi naudsynte opplysingar og i rimelig høve medverke ved saksførebuinga, på statsforvaltaren si oppmoding, jf. inndelingslova § 9 tredje ledd.

Stranda og Fjord kommunar skal få uttale seg i saka, jf inndelingslova § 9 fjerde ledd.

Utgreiinga bør innehalde innbyggjaranes syn på ei slik grensejustering, jf. § 10 i inndelingslova. Departementet ber statsforvaltaren ha dialog med kommunane om gjennomføringa av innbyggjarhøyringa.

Statsforvaltaren må leggje til rette for at Kartverket får uttale seg før saka blir sendt til departementet. Dersom statsforvaltaren tilrår ei grensejustering, skal eit klart og eintydig framlegg til ny kommunegrense ligge ved tilrådinga. Departementet legg til grunn at Statsforvaltaren i Møre og Romsdal dekkjer utgiftene til utgreiinga, jf. inndelingslova § 11.

Departementet ber statsforvaltaren orientere initiativtakarane om vidare prosess i saka.

Med helsing

Mari Jacobsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Lise Wilhelmsen
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Fjord kommune
Kartverket
Stranda kommune